

Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Dykkar ref:

Vår ref:
2018/9850

Sakshandsamar:
Nina Christin Næsheim

Dato:
28.08.2018

Høyring - Endringar i offentleglova - Innsyn i elektroniske kalendrar og regjeringsdokument

Det visast til høyringsnotat frå Justis- og beredskapsdepartementet frå juli 2018, saksnummer 18/3391.


Helse Bergen HF støttar departementet sitt forslag om å gjere unntak frå innsyn etter offentleglova for innføringar i elektroniske kalendrar.

Slike kalendrar blir i hovudsak brukte som interne planleggingsverktøy og inneheld ofte ei blanding av private og arbeidsrelaterte avtaler. Det vil derfor vere svært arbeidskrevjande å skilje ut kva delar av kalenderen som er omfatta av innsynsretten, og kva som ikkje er det, etter dei eksisterande reglane i offentleglova. Vidare er vi einige i at elektroniske kalendrar ikkje nødvendigvis gir eit rett bilde av kva møter som faktisk finner sted.

Etter Helse Bergen HF sitt syn vil ikkje unntaket vere ei vesentleg svekking av offentlegheitsprinsippet, men gjere regelverket lettare å anvende. Kalenderinnføringane har utspring i innkallingar utanfrå eller er sendt ut av organet, og vil i stor grad vere omfatta av journalføringsplikta. Dette betyr at ein kan krevje innsyn på vanleg måte, gjennom å vise til postjournalen.

Helse Bergen HF har ikkje merknader til departementet sitt forslag om å lovfeste dagens praksis med å gjere unntak frå innsyn i regjeringsnotater eller å ta inn ei ny regel om utsatt innsyn i saker hos Stortingets EØS-utval.

Vennleg helsing



Eivind Hansen
administrerande direktør